

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
 Sak nr.: 15/214-2

Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar, "Sognefjordpakken"

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Samla vurdering:
 - 1.1. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Sognefjorden med avgreiningar er svært stort, men at dei sju nye prosjekta i noko grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For fire av prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate, og fylkeskommunen har difor berre mindre merknader.
 - 1.2. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.
 - 1.3. For tre av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkeskommunen vil rå i frå utbygging. Dette gjeld i Skjerdalselvi i Aurland og dei to prosjekta ved Lånefjorden i Balestrand. Dei negative konsekvensane av desse utbyggingsframlegga vil ein først og fremst merke lokalt når det gjeld kulturminne og brukarinteresser, men også for eit større område når det gjeld landskap og kulturmiljø.
2. Skjerdal kraftverk, Aurland.
 Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er her lagt vekt på nærleiken til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og at tiltaket vil få store konsekvensar for opplevinga av fjordlandskapet med kulturminne og kulturmiljø langs elva. Om det likevel skulle bli gitt løyve, meiner fylkeskommunen at alt. 1 med ein kraftstasjon er ei betre løysing enn alt. 2 med to kraftstasjonar. Kraftstasjonen må vidare plasserast lenger frå fjorden, om lag på kote 10, slik at driftsvatnet vert slept i elva ovanfor fossen.
3. Kvammadalselvi kraftverk, Aurland.
 Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. På grunn av innsyn til rørgate-trasen, inntaksområdet frå turistvegen og eit stølsområde, bør det vurderast ei løysing med inntak plassert nedstrøms der den gamle ferdslvegen kryssar elva på kote 800. For dette prosjektet er det ekstra viktig med god tilbakeføring av rørgatetraseen til naturleg terreng. Av omsyn til m.a. negative konsekvensar for biologisk mangfald, bør det vurderast auka minstevassføring om sommaren.
4. Tura kraftverk, Vik.
 Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er planlagt minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring. Av omsyn til fossane i elva som landskapselement, kulturmiljøet langs elva og til det biologiske mangfaldet, bør minstevassføringa om sommaren aukast monaleg.
5. TVK kraftverk, Vik.
 Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
6. Kråkeelvi kraftverk, Balestrand.
 Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Tiltaka oppe i fjellet er vurdert til å vere akseptable, men ei utbygging der Kråkefossen vert svært redusert, kan ikkje forsvarast.

Om det skulle bli gitt løyve, må det sleppast ei minstevassføring om sommaren som kan sikre at fossen også i framtida vert eit viktig landskapselement.

7. Brekka kraftverk, Balestrand.

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Her er det lagt vekt på relativt omfattande anleggsinngrep inkl. 700 meter rørgate i dagen i eit område med små menneskelege inngrep frå før. Tiltaka er og godt synleg frå fjorden og frå motsett side. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må heile vassvegen frå inntaket ved Brekkevatnet til kraftstasjonen leggst i fjell eller gravast ned.

8. Dyrdalselva kraftverk, Høyanger.

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at kraftstasjonen vert flytta noko oppover elva til ein mindre synleg stad sett frå sjøen, helst opp til vandringshinderet for anadrom fisk.

Saksutgreiing for kvar enkelt søknad ligg under egne a-saker:

- 15/214 nr. 3: Saksutgreiing for Skjerdal kraftverk i Aurland kommune
- 15/214 nr. 4: Saksutgreiing for Kvammdalselvi kraftverk i Aurland kommune
- 15/214 nr. 5: Saksutgreiing for Tura kraftverk i Vik kommune
- 15/214 nr. 6: Saksutgreiing for TVK kraftverk i Vik kommune
- 15/214 nr. 7: Saksutgreiing for Kråkeelvi kraftverk i Balestrand kommune
- 15/214 nr. 8: Saksutgreiing for Brekka kraftverk i Balestrand kommune
- 15/214 nr. 9: Saksutgreiing for Dyrdalselva kraftverk i Høyanger kommune

Vedlegg:

- 1. Brev frå NVE 12.01.2015.
- 2. Uttale frå Aurland kommune, kommunestyret 19.03.2015.
- 3. Uttale frå Vik kommune, kommunestyret 12.03.2015.
- 4. Uttale frå Balestrand kommune, kommunestyret 16.04.2015.
- 5. Uttale frå Høyanger kommune, **formannskapet 05.05.2015, kommunestyret 12.05.2015.**

Andre dokument som ikkje ligg ved:


Konsesjonssøknader for 7 småkraftverk

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin uttale, 16.04.2015. A-sak 15/214 nr. 12.

SAKSFRAMSTILLING

1. Kort omtale av dei sju prosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å bygge til saman sju småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Frist for uttale er sett til 12.04.2015. Fylkeskommunen har fått utsett denne fristen til 11.05.2015.



Kart utarbeidd av NVE. «Sognefjordpakken» og andre kraftverk/prosjekt i området.

På kartet er dei sju prosjekta i Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger vist som grønne firkantar med raud prikk. Andre søknader: Grønne firkantar. Konsesjonsfrie: Gule firkantar. Prosjekt som har fått konsesjon: Raude firkantar med svart prikk. Utbygde kraftverk: Raude firkantar.

Skjerdal kraftverk i Aurland kommune. Søkjar: Skjerdalskraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 653 meter i Storelvi mellom kote 655 og kote 2. Vassvegen på 2,6 km vert i hovudsak nedgravne rør. Det skal byggast 400 meter ny tilkomstveg til kraftstasjonen. I anleggsperioden vil ein nytte rørgata som anleggsveg. I tillegg skal ein ruste opp eksisterande traktorveg. Middelvassføringa i elva er 580 l/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne 1300 l/s, dvs. 224%. Installert effekt vil bli 7,1 MW og venta produksjon 20,2 GWh. Det vil bli redusert vassføring langs ei 3 km lang elvestrekning. Planlagt minstevassføring er 90 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Utbyggingsprisen er berekna til 3,90 kr/kWh. I søknaden er det gjort greie for eit alternativ 2, der fallet i elva er delt opp i to kraftverk.

Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune. Søkjar: Kvammadalselvi Kraftverk SUS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 398 m frå inntaket på kote 858 ned til kraftstasjonen på kote 460. Sidebekken Vetebotna er planlagt overført til inntaksdammen via eit 25 m langt rør. Vassvegen blir ca. 2,2 km lang, og skal gravast ned på søraustsida av elva. Frå fylkesvegen til inntaket er det planlagt ca. 160 meter ny veg. Ved Turlid er det planlagt 300 meter ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa i elva er 700 l/s, og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne

1550 l/s, dvs. 221%. Installert effekt vil bli 5,2 MW og berekna kraftproduksjon 14 GWh i eit middels år. Utbygginga vil bety redusert vassføring over ca. 2,4 km elvestrekning. Det er planlagt å sleppe minstevassføring 233 liter/sek om sommaren og 31 liter/sek om vinteren. Utbyggingsprisen er berekna til 3,10 kr/kWh. Det er vurdert eit alternativ med vassveg nordvest for elva.

Tura kraftverk i Vik kommune. Søkjar: Tura Kraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 277 m i elva Tura mellom kote 654 og 377. Det er planlagt å overføre vatn frå det vestre løpet i elva frå kote 730 til det austre løpet, kote 680. Overføringa (400 meter) og trykkrøret (700 meter) skal gravast ned bortsett frå ved elvekryssing under ei bru. Det skal byggast veg opp til hovudinntaket. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføringa vil bli 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s, dvs. 200%. Installert effekt vil bli 2,2 MW og venta årleg produksjon 6,6 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei ca. 1,2 km lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe minstevassføring 32 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 2,90 kr/kWh.

TVK kraftverk i Vik kommune. Søkjar: Norges Småkraftverk AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 490 meter mellom kote 500 og kote 10 i Tuftelvi. Det er planlagt overføring av vatn frå Vigdalselvi på kote 530 til hovudinntaket i Tuftelvi. 2,9 km vassveg skal borast i fjell. Det skal ikkje byggast nye vegar i området. Kraftstasjon på kote 10 vil få direkte tilkomst til fylkesvegen. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføring er 578 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1202 l/s, dvs. 207%. Installert effekt vil bli 5 MW og venta produksjon 16,6 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei 3,4 km lang elvestrekning i Vigdalselvi, Tuftelvi/Kolåselvi. Planlagt minstevassføring sommar er 25 l/s og 15 l/s i Vigdalselvi og Tuftelvi og vinter 12,5 l/s og 7,5 l/s. Utbyggingsprisen er berekna til 5,96 kr/kWh.

Kråkeelvi kraftverk i Balestrand kommune. Søkjar: Sognekraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 680 meter mellom inntaket på kote 695 og kraftstasjonen på kote 15 i Kråkeelvi. Det er søkt om å regulere Isvotni på kote 1047 med ca. to meter, ein meter opp og ein meter ned. Vassvegen er planlagt som bora sjakt og sprengt tunnel i øvre delen og som nedgravd rørgate i nedre delen. Det skal byggast ca. 150 m ny veg på austsida av Daleelvi fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i elva er 430 l/s, og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 880 l/s, dvs. 204%. Installert effekt vil bli ca. 5 MW og venta produksjon ca. 19 GWh. Det vil bli redusert vassføring over ei 1,7 km lang strekning i elva med Kråkefossen. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s frå Isvotni heile året. Det er derimot ikkje planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaksdammen. Utbyggingsprisen er berekna til 3,86 kr/kWh.

Brekka kraftverk i Balestrand kommune. Søkjar: Sognekraft AS.

Kraftverket vil nytte eit fall på 665 meter frå Brekkevatnet på kote 667 og kraftstasjonen på kote 2. Brekkevatnet har naturleg utløp til Teigelvi. Det er planlagt å regulere vatnet med ein meter, og å overføre vatn frå Bolstadelvi og Brekkeelvi. Vassvegen frå inntaket til kraftstasjonen ved fjorden vil bli ca. 1,3 km lang. Øvste delen, ca. 150 meter, vert lagt som rør i grøft. Midtre del, ca. 700 meter, er planlagt som rør i dagen. Nedre del, 460 meter, er planlagt som nedgravd rør. For overføringane er det planlagt fullprofilboring og nedgravde rør. Skogsveg og anleggsveg vert bygd opp til kote 230. Middelvassføringa ved inntaket i Brekkevatnet etter overføring er 310 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 800 l/s, dvs. 258 %. Kraftverket vil få ein installert effekt på 4,4 MW og berekna produksjon er 12,53 GWh. Utbygginga vil bety redusert vassføring over ei samla strekning på 4,55 km i tre elvar. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar og vinter. Utbyggingsprisen er berekna til 4,66 kr/kWh.

Dyrdalselva kraftverk i Høyanger kommune. Søkjar: Dyrdal Kraft AS.

Kraftverket skal nytte eit fall på 260 meter mellom kote 265 og kote 5 i Dyrdalselva. Det er planlagt å overføre vatn frå Aurebotnelva til hovudinntaket i Dyrdalselva. Vassvegen frå inntaket til kraftstasjonen er planlagt som rør i grøft. Det er planlagt 600 meter veg opp til inntaket og det vil bli bygd anleggsveg nedover langs rørgata. Middelvassføringa ved hovudinntaket etter overføring er 790 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1800 l/s, dvs. 227%. Kraftverket vil få ein installert effekt på 3,85 MW og berekna årleg produksjon er 11,2 GWh. Utbygginga vil bety redusert vassføring over ei samla elvestrekning på 1,78 km. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 120 l/s om sommaren og 80 l/s om vinteren i Dyrdalselva. Utbyggingsprisen er berekna til 3,62 kr/kWh.


2. Bakgrunn for saka

Samla plan for vassdrag

Stortinget vedtok i 2005 at vasskraftprosjekt med ein planlagt installasjon opp til 10 MW eller med ein årsproduksjon opp til 50 GWh er fritekne for vurdering i Samla plan. Dei sju prosjekta i «Sognefjordpakken» er alle mindre enn dette.

Landskapsvernområde (LVO).

Det er tre landskapsvernområde i denne delen av fylket. Stølsheimen LVO er vist til venstre i kartet under. Nærøyfjorden LVO og Bleia-Storebotnen LVO er vist til høgre.



Det planlagde Skjerdal kraftverk i Storelvi, Aurland, ligg tett opp til grensa for Nærøyfjorden LVO. Storelvi renn ut i Aurlandsfjorden som er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. I søknaden er det sagt dette i avsnitt 2.7 *Forholdet til offentlege planar*, side 19:

Naturvernområde

Det er ingen områder eller objekter innenfor influensområdet som er fredet etter naturvernloven, vannressursloven eller kulturminneloven. Langs fjellryggen vest for Skjerdal går grensa til Nærøyfjorden landskapsvernområde. Vernegrensa følger terrengformasjonen ned til fjorden, og krysser fjorden fra utløpet av Nisedalen like vest om Skjerdal, og over til Flenes på andre sida. Elva inklusive utløpet ligger i sin helhet utenfor verneområdet.

Verdsarvområde

Aurlandsfjorden, der Storelvi renner ut, er en del av Verdensarvområdet Vestlandsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Verdensarvområdet inkluderer hele fjorden fra Simlenes og inn begge fjordarmer (Nærøyfjorden inn til Gudvangen og Aurlandsfjorden inn til Flåm), selv om de innerste delene av Aurlandsfjorden, dvs. fra like utenfor Skjerdal og inn til Flåm, ikke er inkludert i landskapsvernområdet. Verdensarvstatusen medfører ikke nye former for vern, men den krever at en tar særlige hensyn til natur- og landskapsverdier. Med denne bakgrunn har en hentet inn ekstern kompetanse på fagtema landskap i konsesjonssøknaden, slik at dette tema blir grundig utredet med tanke på konsekvenser. Kapittelet om konsekvenser for tema landskap er skrevet av landskapsgeograf Hanne


Lykkja ved Aurland Naturverkstad. Prosjektet vil også legge særlig vekt på god landskapstilpassing av alle inngrep og installasjoner.

Vassforskrifta

Dei fire utbyggingskommunane ligg i vassområde Sogn i vassregion Sogn og Fjordane. Forvaltningsplan for vassregionen er lagt ut på høyring til 31.03.2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

Verneplan for vassdrag.

Dei to prosjekta i Aurland er lokalisert eit stykke sør for dei verna områda Kolarselvi og Erdalselvi øvre del (jf. kartet under).



Nasjonal laksefjord

Sognefjorden er nasjonal laksefjord frå ei linje mellom Ortnevik på sørsida og Nessane på nordsida og vidare innover fjorden.

Fylkesdelplan for arealbruk (år 2000)

Friluftsområde med nasjonal og regional verdi er markert med grøn skravur (jf. kartet under). Inntaket til Skjerdal kraftverk vil ligge i regionalt viktig friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep. I tråd med fylkeskommunen sin regionale plan, vil 2. prioritet gjelde her.



Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Tre delområde: Brekke-Høyanger, Balestrand/Vik-Leikanger/Sogndal og Lærdal-Aurland

Den regionale planen som vart vedteken i fylkestinget i 2012, har retningslinjer for ulike arealinteresser, m.a. for landskap og friluftsliv. Til arealinteressene er det gitt prioritet etter ein tredelt skala, dvs. prioritet 1-3:

1. prioritet:

Interesser av einestående verdi. Inngrep som vil innebære bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. "Føre-var-prinsippet" skal leggjast til grunn.

2. prioritet:

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

3. prioritet:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: Fjordar og innsjøar større enn 7 km². Fjordlandskapet dekkjer heilt eller delvis aktuelle utbyggingsområde for dei tre søknadene i delområde Brekke-Høyanger (Dyrdalselva, Brekka, Kråkeelvi), ein av to søknader i delområde Balestrand/Vik-Leikanger/Sogndal (TVK) og dei to søknadene i delområde Lærdal og Aurland (Skjerdal og Kvammadalselvi). I planen er det ikkje gitt retningslinjer for fjordlandskap åleine.

I delområde Brekke/Høyanger er det markert 18 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Kråkefossen i Lånefjorden som vert påverka av Kråkeelva kraftverk, er ein av desse. I tråd med retningslinjene får denne fossen 2. prioritet, jf. «Fossar som viktige landskapselement i fjordlandskap».

I delområde Balestrand/Vik – Leikanger/Sogndal er det markert 21 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. To av desse er i elva Tura i Vik. Desse ligg ikkje i fjordlandskap og får i tråd med retningslinjene prioritet 3.

3. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknader

I seks av sju søknader har søkjar vurdert moglege sumverknader med utgangspunkt i kvar einskild utbygging, sett i høve til kraftverk som er utbygde, kraftverk som har fått konsesjon og nye prosjekt det er søkt om i området. Desse vurderingane er omtalt/sitert i saksutgreiingane til dei sju prosjekta som følgjer saka. Ingen av søkjarane har konkludert slik at det aktuelle prosjektet eller andre det er søkt om, bør leggst til sides eller avslåast på grunn av sumverknader.

4. Andre sitt syn på dei sju søknadene

Aurland kommune, kommunestyret 19.03.2015:

Aurland kommune er positive til føreliggande søknadar om konsesjon frå Skjerdalskraft AS og Kvammdalselvi kraftverk. Aurland kommune tilrår at det vert sett følgjande vilkår:

1. Skjerdalskraft AS:

- Avslå alternativ 2 – med to kraftverk
- Plassering av kraftstasjon på kote 10 – over fossen
- Fyllingar må tilpassast landskapet på ein skånsam måte, og komma landbruket til gode
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege frå verdsarvfjorden
- Tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgata
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

2. Kvammdalselvi kraftverk

- Hovudalternativ søraust for elva for røyrgate
- Ev. avbøtande tiltak for alternativ 1: tilpassast i landskapet på ein skånsam måte med høgt fokus på rask tilbakeføring av stadeigen vegetasjon i røyrgata
- Nye vegar må tilpassast landskapet slik at det vert minst muleg synlege
- Setta krav om minstevassføring til minst 5-persentil

Vik kommune, kommunestyret 12.03.2015:

Høyringsuttale til Tura kraftverk:

Utbygging av Tura kraftverk må ikkje medføra ulemper for vassuttaket for Seljadalen vassverk. Veg frå fylkesveg til dam må demisjonnerast/prosjekterast slik at den også kan nyttast til utvinning og drift av skog. Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna.

Høyringsuttale til TVK kraftverk:

Minstevassføringa må vera av ein slik storleik at det ikkje oppstår tørkeskader på natur og fauna. Avstand og tilkomst frå kraftstasjon og fylkesveg samt avstand til strandsona må vurderast.

Balestrand kommune, kommunestyret 16.04.2015, sak 16/15:

Balestrand kommune vurderer både Brekka kraftverk og Kråkeelvi kraftverk som omsøkt i konsesjonssøknadene til å vere utbyggingsprosjekt med vesentlege positive samfunnsmessige konsekvensar. Samstundes vil dei negative konsekvensane for natur og miljø vere avgrensa, men då under føresetnad av at ein ved Brekka kraftverk nyttar fullprofilboring mellom kote 230 og 650 m.o.h.

Balestrand kommune vil framheve dei samfunnsmessig positive konsekvensane ved gjennomføring av prosjekta som vil komme i form av utnytting av ein lokal ressurs til produksjon av fornybar energi, lokal verdiskaping med grunnlag for verksemd/arbeidsplassar og som inntekter for grunneigarar, kraftselskap og det offentlege. Prosjekta vil også føre til ny 22 KW kabel gjennom Høyangertunnelen mellom Lånefjorden og Høyanger, noko som vil styrke det allmenne kraftlinenettet og leveringstryggleiken i området. Det er også positive tiltak knytt til kvart prosjekt med flaumsikring av elva i Kråkeelvi kraftverk, og felles anleggsveg/skogsveg i Brekka kraftverk.

For dei konkrete prosjekta meiner Balestrand kommune, ut frå føresetnaden nemnd innleiingsvis, at det generelt er små negative konsekvensar for natur og miljø. Ein kan akseptere at det ikkje vert krav om minstevassføring nedom inntaksdam i Kråkeelvi kraftverk, då verknaden av tiltaket får marginal effekt for landskap og miljø elles. For Brekka kraftverk finn ein at alternativet med fullprofilboring, og med det skjult røyrgate, er det einaste akseptable. Ei røyrgate i dagen i ei lengd på 950 meter frå kote ca. 230-650 m.o.h. slik som omsøkt, er eit stort og skjemmaende inngrep i landskapet. Desse anlegga skal ligge i lang tid, og ei røyrgate vil vere eit hinder både for folk og dyr langs det meste av fjellsida. Ein kan ikkje sjå at teknologi eller kostnad vil utelukke alternativet med fullprofilboring på den omtala strekninga.

Prosjekta ligg i LNF-område i arealdelen i gjeldande kommuneplan. Ein ser ikkje at det er nokon konflikt mellom dei to konsesjonssøknadane og arealbruken fasett i denne eller andre kommunale planar etter Plan og bygningslova. Balestrand kommune vil ut i frå dette tilrå at det vert gjeve konsesjon for både Brekka kraftverk og Kråkeelvi kraftverk.

Høyanger kommune, formannskapet 05.05.2015, kommunestyret 12.05.2015.

Høyanger kommune sin uttale til søknadane kjem så seint at vi ikkje får den med i saks-utgreiinga. Utalen (formannskapet) vert lagt fram for FU i samband med handsaminga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin uttale, 16.04.2015, samandraget:

Fylkesmannen har vurdert om sju nye småkraftprosjekt i kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger og Vik kan råke kjende allmenne interesser. Nokre av desse prosjekta er planlagde i område med store verdiar innan naturmiljø, landskap og friluftsliv. Vi meiner at Dyrdalselva kraftverk kan realiserast med akseptable konsekvensar for allmenne interesser, føresett at kraftverket vert flytta litt oppstraums. Vi rår frå at det vert gjeve konsesjon til Tura kraftverk, TVK kraftverk, og Kråkeelvi kraftverk slik desse prosjekta er planlagde, men nye undersøkingar av naturmiljøet og justerte utbyggingsplanar vil kunne redusere konsekvensane for allmenne interesser til akseptabelt nivå. Skjerdal kraftverk vil etter vår vurdering råke nasjonale og regionale interesser knytt til landskap og naturmiljø i så stor grad, at vi fremjar motsegn til prosjektet. Vidare rår vi frå at det vert gjeve konsesjon til Kvammadalselvi kraftverk og Brekka kraftverk.

5. Fylkesrådmannen sine vurderingar/konklusjonar for dei 7 prosjekta

Fylkesrådmannen har vurdert dei 7 prosjekta kvar for seg, jf. dokument 4-15 som følgjer saka.

Skjerdal kraftverk

Aurlandsfjorden er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Fylkesrådmannen meiner at det planlagde tiltaket vil få så store konsekvensar for opplevinga av fjordlandskapet med omsyn til landskap, kulturminne og kulturlandskap, at det ikkje vert rådd til at konsesjon vert gitt. Om det likevel skulle bli gitt løyve, vurderer fylkesrådmannen alt. 1 med ein kraftstasjon som ei betre løysing ann alt. 2 med to kraftstasjonar. Kraftstasjonen må då bli plassert lenger frå fjorden, om lag på kote 10, slik at driftsvatnet renn ut i elva ovanfor fossen. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må settast som konsesjonsvilkår.

Kvammadalselvi kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket samla sett vil innebere moderate ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve. På grunn av innsyn til rørgate-trasen og inntaksområdet frå turistvegen og eit stølsområde, bør det vurderast ei løysing med inntak plassert nedstrøms der den gamle ferdslavegen kryssar elva på kote 800. For prosjektet er det ekstra viktig med god tilbakeføring av rørgatetraseen til naturleg terreng. Av rapporten om konsekvensar for biologisk mangfald, går det fram at auka minstevassføring om sommaren vil redusere skadeomfanget frå middels til liten negativ konsekvens. Større minstevassføring bør difor vurderast. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Tura kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket samla sett vil innebere moderate ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve. Det er planlagt minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, 32 liter/sek heile året. Av omsyn til fossane i elva som landskapelement, naturmiljøet og til det biologiske mangfaldet, bør minstevassføringa aukast til minst 5-persentil om sommaren, dvs. 178 liter/sek. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

TVK kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket samla sett vil innebære moderate ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Kråkeelvi kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer tiltaka oppe i fjellet til å vere akseptable, men meiner at ei utbygging der Kråkefossen vert svært redusert, vanskeleg kan forsvart. Det må sleppast ei minstevassføring i storleik 250 liter/sek for at den skal kunne halde fram med å vere eit viktig landskapselement. Ut frå berekningar i søknaden, er ei utbygging basert på slik minstevassføring truleg å rekne som urealistisk. Fylkesrådmannen konkluderer med at søknaden slik den er framlagt, må få avslag. Om det vert gitt løyve til utbygging, må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 setjast som konsesjonsvilkår.

Brekka kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket samla sett vil innebære for store ulemper i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne og vil rå frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på relativt omfattande anleggsinngrep inkl. 700 meter rørgate i dagen i eit område med små menneskelege inngrep frå før, og som er godt synleg frå fjorden og frå motsett side. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må heile vassvegen frå inntaket ved Brekkevatnet til kraftstasjonen leggst i fjell eller gravast ned. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

Dyrdalselva kraftverk

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebære moderate ulemper i høve til landsskap og brukarinteresser, men ser problem ved den planlagde plasseringa av kraftstasjonen i høve til anadrom strekning nest i vassdraget og til det visuelle inntrykket av bygget på ein godt synleg knaus i sjøkanten. Om det skal gjevast løyve, må dei flytte kraftstasjonen noko oppover i elva, helst opp til vandringshinderet for anadrom fisk. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

6. Fylkesrådmannen si vurdering av samla verknader/sumverknader

Kulturminne, landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet langs Sognefjorden med avgreiningar er svært stort, men at dei sju nye prosjekta i noko grad vil påverke hovudintrykket av fjord- og fjellandskapet. For fire av prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate, og fylkesrådmannen har mindre merknader. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

For tre av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld prosjektet i Skjerdalselvi i Aurland og dei to prosjekta ved Lånefjorden i Balestrand. Dei negative konsekvensane av desse utbyggingsframlegga vil først og fremst merkast lokalt når det gjeld kulturminne og brukarinteresser, men også for eit større område når det gjeld landskap og kulturmiljø.

For prosjektet i Skjerdalselvi er det lagt vekt på lokaliseringa ved Aurlandsfjorden som er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Det planlagde tiltaket vil få så store konsekvensar for opplevinga av fjordlandskapet med omsyn til landskap, kulturminne og kulturlandskap, at det ikkje kan tilråast. For prosjektet i Kråkeelvi er det lagt vekt på at Kråkefossen vil bli svært redusert som landskapselement. For prosjektet Brekka kraftverk er det lagt vekt på omfattande anleggsinngrep inkl. 700 meter rørgate i dagen i eit område med små menneskelege inngrep frå før, og som er godt synleg frå fjorden og frå motsett side.

Vassforskrifta

Aktuelle tiltak bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Viss tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i vassforskrifta §12 følgjast opp.

Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftveret si levetid. Ein indikator på om eit prosjekt er dyrt eller billeg å bygge ut, er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad/årleg middel-

produksjon i kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser tal henta frå søknadene. To av prosjekta, TVK og Brekka, merkjer seg ut med relativt høg utbyggingspris. Gjennomsnittleg utbyggingspris for alle sakene som fylkeskommunen hadde til handsaming i 2013 og 2014 var 3,73 kr/kWh.

Kraftverk	Kommune	GWh	Kostnad i mill. kr	Pris i kr/kWh
Skjerdal	Aurland	20,2	78	3,9
Kvammadalselvi	Aurland	14,0	43,9	3,1
Tura	Vik	6,6	19,2	2,9
TVK	Vik	16,6	99	5,96
Kråkeelvi	Balestrand	19,0	73,3	3,86
Brekka	Balestrand	12,5	58,3	4,66
Dyrdalselva	Høyanger	11,2	40,6	3,62
Sum		100,1	412,3	Gjennomsnitt*: 4,0

*Gjennomsnitt er basert på utbyggingspris for kvart einskild prosjekt

7. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at landskapsrommet langs Sognefjorden med avgreiningar er svært stort, men at dei sju nye prosjekta i noko grad vil påverke hovudintrykket av fjord- og fjellandskapet. For fire av prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate, og fylkesrådmannen har mindre merknader. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

For tre av prosjekta er dei negative konsekvensane så store at fylkesrådmannen vil rå ifrå utbygging. Dette gjeld prosjektet i Skjerdalselvi i Aurland og dei to prosjekta ved Lånefjorden i Balestrand. Dei negative konsekvensane av desse utbyggingsframlegga vil først og fremst merkast lokalt når det gjeld kulturminne og brukarinteresser, men også for eit større område når det gjeld landskap og kulturmiljø.